# VEDTEKTER FOR RØYSALEITET GRENDALAG

Vedtekne på årsmøte 22.05.1990

## § 1: FØREMÅL

Røysaleitet grendalag skal fremje medlemene sine felles interesser og arbeide for et trygt, trivelig og vakkert nærmiljø. Styret i grendalaget kan samarbeide med andre lag og institusjonar om saker av felle interesse. Laget er partipolitisk nøytralt.

## § 2: MEDLEMSKAP

Alle som bur i byggjefeltet Røysaleitet (jfr. Reguleringsplan vedteken 15.12.82) og som betalar fastsett årleg kontingent er medlemer.

## § 3: KONTINGENT

Årsmøtet fastset medlemskontingent pr. husstand, som vert innbetalt forskotsvis.

## § 4: LEIING

Grendalaget vert leia av eit styre med tre medlemer og to varamedlemer. Styret skal ha leiar og nestleiar, og fordeler verva som kasserar og skrivar mellom seg. Styret kan fatte vedtak når minst to styremedlemer (inkl. varamedlem) er til stades. Ved likt stemmetal har fungerande leiar dobbeltstemme.

Alle saker og all korrespondanse skal leggjast fram på styremøte. Styrevedtak skal protokollførast. Styret har disposisjonsrett over laget sine midlar til vanlege administrative formål og rett til å løyve pengar til gjennomføring av vedtak på årsmøtet. Alle utbetalingar skal tilvisast av leiar eller kasserar. Rekneskapsåret går frå 1.1 – 31.12.

**Medlemsmøte** skal haldast når styret finn det naudsynt og kunngjerast minst 14 dagar i førevegen. Stemmerett, møteavvikling mv. er som for årsmøte, sjå nedanfor.

**Årsmøtet** er laget sitt høgaste organ. Ordinært årsmøte vert halde kvart år innan 1. mars. Styret fastset tid og stad og sender innkalling med saksliste minst 14 dagar i førevegen.

**Årsmøtet** handsamar:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Innkomne framlegg
- Val, jfr. § 5

Framlegg til saker ein ønskjer å ta opp på årsmøtet må sendast styret innan 1. februar. Årsmøtet fattar vedtak med alminneleg fleirtal mellom frammøtte medlemar med

stemmerett, dvs. alle over 10 år. Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal. Det skal velgjast dirigent til å leie årsmøtet. Vedtak vert protokollførte.

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret finn det naudsynt eller når ¼ av medlemene (over 10 år) set fram skriftleg krav om det.

**§ 5: VAL**

Årsmøtet skal velje:

Tre styremedlemer
To varamedlemer
Valkomité på 2 personar
Eventuelle underutval

Styremedlemene vert valde for to år om gongen, med tilnærma halvparten på val kvart år. Alle kan attvelgjast. Valperioden går frå 1. mars til ut februar.

Styret konstituerer seg sjølv for eitt år om gongen (frå 1. mars) med leiar og nestleiar og fordeler oppgaver som kasserer og skrivar.

Styret kan om naudsynt oppnemne underutval for bestemte formål.

**§ 6 OPPLØYSING AV LAGET**

Oppløysing av laget kan berre skje når minst ¾ av medlemene skriftleg har godkjent det. Har laget midlar skal desse nyttast til beste for folk på Røysaleitet. Det møtet som vedtek oppløysing av laget avgjer også korleis midlane skal nyttast.